

KONTROLLUTVALET I ÅLESUND KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato: 09.12.2020, kl.16.00

Møtestad: Kommunerevisjonen sine lokalar i Lerstadvegen 545.

Møtet vart leia av Bente Bruun.

Elles deltok:

Kåre A. Hanken, Knut Helge Vestre (permitert kl. 17.40), Terri Senior og Jannicke Strømmen.

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå ÅKE/Ålesund kommune deltok prosjektleiar Gunnar Leira under orienteringa om handsaming av større byggeprosjekt.

Frå kommunerevisjonen deltok oppdragsansvarleg revisor Veslemøy Ellinggard og forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Møtet starta med ei grundig orientering kring slutthandsaming av større byggeprosjekt i ÅKE. Prosjektleiar Gunnar Leira gjekk gjennom ein presentasjon og utvalet sine medlemmar fekk høve til å stille spørsmål og diskutere tema under vegs. Gunnar Leira gjekk gjennom kommunen sin vedtekne retningslinjer. Desse retningslinjene beskriv saksgangen og organisering av kommunale byggeprosjekt som gjennomførast i Ålesund kommunale eigedom KF.

Kontrollutvalet valde å ta orienteringa til vitande.

SAK 41/20 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 14. OKTOBER 2020

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 02. desember 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteboka frå møtet 14. oktober 2020

SAK 42/20 MELDINGAR TIL ÅLESUND KONTROLLUTVAL

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 02. desember 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitande.

SAK 43/20 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK OM PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 02. desember 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval bestillar ein prosjektplan innanfor temaet «sjølvkost innan teknisk sektor» som grunnlag for ein forvaltningsrevisjon rapport. Ein ber kommunerevisjonen merke seg det nye punkt 3 som blei vedteken av kommunestyret.

Prosjektplanen skal leverast på neste møte i Ålesund kontrollutval (planlagt til torsdag 28. januar 2021) og være grunnlaget for bestilling av endeleg rapport.

SAK 44/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR ÅLESUND KOMMUNE

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 02. desember 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til det framlagte forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2023.

Saka sendast kommunestyret med slik innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023. Første prioritet bør vere å få utarbeid ei eigarskapsmelding for Ålesund kommune i tråd med ny kommunelov. Kontrollutvalet bør vente med bestilling av eigarskapskontroll til denne meldinga er vedtatt i kommunestyret.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

SAK 45/20 MØTEPLAN FOR ÅLESUND KONTROLLUTVAL 2021

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 02. desember 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Ålesund kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2021:

torsdag 28. januar, onsdag 3. mars, onsdag 28. april, onsdag 26. mai, onsdag 18. august, onsdag 13. oktober, onsdag 8. desember

SAK 46/20 ETTERLEVELSESKONTROLL FRÅ MØRE OG ROMSDAL REVISJON SA
--

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 02. desember 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Ålesund kontrollutval tek orienteringa til vitande.

Eventuelt:

1. Leiar Bente Bruun tok opp spørsmålet om kommunestyremøte i Ålesund vert gjennomført på ein forsvarleg måte og i tråd med kommunestyret sitt eget reglement og gjeldande lovverk. Bakgrunnen var dei lange kommunestyremøte med store sakslister som har vært gjennomført i 2020. Hun hadde mottatt fleire bekymringsmeldingar frå kommunestyrekollegaer som meinte at kontrollutvalet burde sjå nærare på dette.

Kontrollutvalet gjorde følgjande samrøystes vedtak:

Med bakgrunn i bekymringar knytt til lengde på kommunestyremøte, tal på møter, forutsigbarhet knytt til møtestart/møteslutt og forsvarleg handsaming av sakene ber kontrollutvalet om ei sak. Denne saka bør sjå nærare på punkt 4 i reglementet og gjeldande lovverk for å sjå om kommunestyret i Ålesund etterlever desse reglane.

2. Kontrollutvalsmedlem Knut Helge Vestre viste til mottatt epost frå kommunestyremedlem Malena Strømmen Malakzadeh. Denne eposten omhandla manglande oppfølging av tidlegare kommunestyrevedtak om å halde barnetrygd utafor berekning av sosialhjelp stønad. Kontrollutvalet diskuterte innhaldet i eposten og dei ulike opplysningane som kom fram der. Sekretariatet kjende ikkje til saka og ingen fakta opplysningar var henta inn på førehand.

Kontrollutvalet blei einige om snarast å invitere kommunedirektør Astrid Eidsvik til møte for å få ei nærare orientering kring manglande oppfølging av vedtaket og årsaka til dette. Sekretariatet kontaktar kommunedirektør Astrid Eidsvik for eit slikt møte.

Møtet var slutt kl. 18.25

Bente Bruun

Leiar

(sign.)

Jannicke Strømmen

Medlem

(sign.)

Knut Helge Vestre

Medlem

(sign.)

Kåre Alfred Hanken

Medlem

(sign.)

Terri Senior

Nestleiar

(sign.)